Førsteblad NB kan ikkje finne liste nr. 18.

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23 Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Mo

Emne: Bordskikk til kvardag Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: Olav Grimdalen Gard: Grimdal

(adresse): Kaldkinn, Telemark G.nr. 59 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein lagar mat og et i same romet. Vanleg sit ein ved skeiva, men ved serskilde høve t. d. i høgtidshelgane, ved bordet (rundbord, veggjebord eller langbord)

2. Heile huslyden sat og sit ved same bord.

3. Alle et på same tid.

4. Alle får den same maten.

5. Finst det serskilt kjøken, et huslyden vanleg der til kvardags.

6. Ved høgtider og høgtidelege høve, veitsling av vener og kjenningar et ein i stova eller kammerset. Elles et alle på kjøkenet – om slikt finst.

7. Alle hadde sine faste plassar kring bordet, og det er mykje slik enno. Husbonden sit gjerne i enden – eller nørast veggen når ein nyttar skeive. Husmori sat gjerne der det var lettast å koma til og frå, for ho skulle syte for forsyningi på bordet. Elles sat borni mykje etter alderen.

6174

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8. Ein kjenner ikkje til at borni skulle stå og eta.

9. Uttrykket högsete o.l. vert ikkje nytta – utan i meir högtideleg omgang.

10. Heiderplassen vert gjerne ved bordenden – der vesle sit mest fritt.

11. Fyr var det ikkje so nöye med å vaske hendene fyr ein gjekk til bords. Men for ca 40 år sidan vart vel det vanleg. Karane tok alltid av hatten (luva) når dei et. Den seden er gamal, veit ikkje rett kva tid den kom.

12. For 40–50 år sidan var det vanleg at alle åt or same koppen (gryta panna) t. d. graut, saus, pylse (blodmat). Same mjölkekopp var sjeldan. Kvar hadde si mike (kopp uthola av tre) eller boddi (bolle, steintybolle). Ein duppa gjerne ein grautebit i mjölkekoppen når ein åt. No drikk ein gjerne direkte av koppen – og kvar hev sin tallerk (el. skål). Berre når ein „kokar på" tömer ein den varme mjölki på den kalde grauten.

13. Fyr sette ein gryta direkte på bordet (skiva) med grytefjöl under (pannefjöl). Det var ei rund fjöl som kunde skifte i storleik etter gryta eller panna. Det var vel vanleg ha fleire i huset. No er det og vanleg å setje panna på bordet, so kvar öyser opp frå den. Men er det framande til stades, nyttar ein helst ein steintykopp til den varme maten (kjöt, saus o. l.).

6174

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

14. Ein kunde nok leggje kjøt e. l. millom braudbitane når ein åt (braud = flatbrød), men vanlegast var å ha saus på dei. Braud (flatbrød) vart alltid nytta til middagsmaten.

Men desse braudbitane vart ikkje laga på førehand. Det gjorde den som åt dei.

15. Å ta sukkerbiten i munnen og drikke kaffe til, var vanleg før. No har dei helst sukret nedi kaffien.

16. Før var det god skikk å drikke av skåli; no er det rekna for ein gamal uskikk.

17. Kva tid gaffelen kom i bruk, er ikkje so godt å seia, men eldre folk hugsar nok at ein åt forutan gaffel. Og endå for 30-40 år sidan var gaffelen lite i bruk til kvardags.

18. I eldre tid bruka karane tollekniven når dei åt – og kvinnone nytta vel helst det dei kalla jonsgji (ein slags bordkniv av vår type)

19. Regelen var nok at kvar hadde si skei som var av tre (eller meir sjeldan bein; eg trur ikkje eg har sett dei av dette materiale) Etter bruk sette dei gjerne skeiene upp i skeihylla. I einare tid for ca 50 år sidan var det vel vanleg dei vaska skeine.

20. Kva tid steintydallerkar kom i bruk, er ikkje so godt å seia. Men

6174

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

det er truleg 40-50 år sidan.
Dei brukte elles sitta, utsróla av
bjørk eller einer (brisk). Samfat av
graut var nok lenge vanleg. Men
eg kan ikkje minnast det (eg er fødd
i 1902).

21. Til kvardags brukte ein ikkje
borddук. Heller ikkje no. Det
einaste er voksduk som gjerne
ligg på bordet støtt.

22. No bruker ein helst måla
bord; kvitskura var vanleg før,
og ein finn det enno. Voksduk har
og kome meir i bruk i dei siste
30 år.

23. I gamal tid var det vanleg,
serleg hjå fatigfolk, at maten vart
utdela, serleg til borni, men
i nyare tid kjenner ein ikkje
større til dette i normale tider.

24. Til jolaftan var det vanleg at
kvar skulde få ein kling (lefse);
elles kjenner ein ikkje til at
utdelingi galdt serskild mat.

25. Ved utdeling vart det helst
dela likt når det ikkje var
sers tilfelle som t.d. store
arbeidskarar i hardt arbeid. Dei
rekna ein alltid med trong meir
mat enn andre. Vanleg meining
var det at kvinna åt mindre

26. Alderen på borni når dei greidde
å eta utan hjelp, skifter svært.
Det er serleg mor som hjelper dei,
men far eller eldre syskin kan og gjera det.

6174

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

27. Før var det vanleg å byggje for småborni.

28. Vanleg las dei elare stell for maten. No er det sjeldnare. Men i kristne (personleg kristne) heimar høyrer det sjølvsagt med. Småborni les gjerne høgt - eller syng. Les dei vallosne, er det helst husfaren. For ca 30 år sidan vart det ved sjeldnare at vanlege folk las for maten. Men føre fyrste verdskrig høyrde det til god tone, so vidt eg skynar.
Til jolaftan er det vanleg å syngje fyre og etter maten. Den skikken hev halde seg frå gamle dagar („Et lidet barn saa lysteleg - er fødd for os paa jorden", var den gamle jolaftansalmen)

29. Når ein sat til bords, kunde ein godt röda (snakke), men helst ikkje kjava (masa) eller vritast (krangle). Ymse slags vanskelege arbeids- eller husspursmål vart gjerne dryfte i malseta. Husbonden förde gjerne ordet.

30. Ein kunde godt le - når det var åt römelege ting

31. Å syngje medan ein åt vart rekna uhöveleg - og vart ikkje tolt. Det vart rekna for meir eller mindre skrullut.

32. Ein venta gjerne til alle var ferdige, om ikkje noko sers stod på

6174
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

33. Til kvardags sa ein helst ikkje takk for maten før. No er det meir vanleg. Dei eldre skal alltid gjera det i mange heimar.

34. Kom ein framand inn med folket sat til bords, sa han: „Signe maten!" Det gjer mange enno.

35. Ein framand som kom tilfeldig inn med ein åt, fekk oftast mat etterpå. Kom han med det same ein sette seg til bords, og ein kjende han godt (granne e.l.), kunde ein be han eta med.

36. Før fekk ein framand som kom til gards alltid mat, same kva tid han kom. No er det berre langframande som får mat om dei kjem mellom måltida. Eldre folk har det elles framleis med „å spandere" på kven som kjem.

37. Ein tilfeldig gjest fekk før alltid ekstra traktement. Han skulde helst sitje i kammerset eller storstoga (el. på gjestestoga). No er det berre vanleg for langframande, og sers gjæve gjester, prest, doktor o.a.

38. Ein kopp kaffe fekk alle. Det er mykje vanleg enno. Mange hadde kjelen på stødt.

39. Sjå nr. 37. No sit gjerne gjesten i daglegstova. Høver det, sit husbonden eller husmori med. Men ofte sit han åleine.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6174

IV

40. Det er framleis god uvon og skikk å vera „forsiem" – lata seg nøyde til å eta. Men det har minka med blygskapen. Byskikken – forsyne seg utan hemmingar og heftelse meir og meir inn.

41. Vit gjesten åleine, skal som regel ein av huestanden vera tilstades når gjesten et og svalla (prata) med han. Som regel set han seg eit stykke frå bordet. Men stillingi kan skifte. Det er serleg kvinnor som lyt halde gjesten med selskaps, so sant det ikkje er ein som husbonden (eller ein annan kar) hev serskild interesse av å tala med.

7.

6174

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING